



Ny landbruksplan legg føringar for statleg og kommunal landbrukspolitikk fram mot 2025.

**Landbruksplan 2020 - 2025 er lagt ut til høring. Det er høve til å koma med merknader til godt skriven og oversiktleg plan, som legg føringar for kommunal landbrukspolitikk dei næraste fem åra. Mange av tiltaka i planen er høgst aktuelle for landbruket i Uskedalen for tida. Det skjer mykje på mange område. Det er nok å nemna dyrking, overgang til lausdrift, skogsdrift, nye driftsformer og yngre og nye eigarar på bruka.**

Planen har status av å vera ein tematisk kommunedelplan etter Plan- og bygningslova og målet med planen er mellom anna å synleggjera og vidareutvikla landbruket som ei viktig næring i kommunen. Landbruket i Kvinnherad og i Uskedalen er, som elles i landet, ei næring i endring med færre og større driftseiningar. Samla areal er stabilt. Avverking av skog har auka.

Korleis maktar så bønder i Uskedalen å tilpassa seg endringar i næringa:

- Kravet om overgang til lausdrift innan 2034 har ført til at fleire bønder i Uskedalen har starta arbeidet med nye driftsbygningar og fjøs, tiltak som krev store investeringar.
- Frukt- og bærproduksjon har lange tradisjonar i Uskedalen. Etter ei tid med nedgang i denne næringa, er det no aktive fruktbonder på Eik og på Steinsletto.
- Nydyrking, beiterydding og skogsvegar. Kommunen har frå 2019 innført tilskot til dyrking. Det vert også løyvd midlar til skogsvegar i klasse 3-7 og til beiterydding. Det er eit mål å hindra nedbygging av jordbruksareal og attgroing saman med målet om å auka matproduksjonen.
- Mjølke- og kjøttproduksjon er og vil vera det mest sentrale i drifta. Miljøkrav fører til nye og endra driftsformer. Dette er til dømes synleg ved bygging av plansiloar. Ein vil koma bort frå innpakking og bruk av plast.
- Entreprenørarbeid og leigekøyring er for nokre ei viktig attåttnæring.

Uskedalen.no vil i tida framover ha fokus på utbygging og nye driftsformer i landbruket, ikkje minst overdraging av gardsbruk til yngre og nye brukarar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå Landbruksplan for Kvinnherad 2020 - 2025



Bilete har teksten Sauer i solnedgang i Uskedalen.